

RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLODato: 25.04.2018
Vår ref.: 2017/15695-9
Saksbehandlar: helmoe_
Dykkar ref.:

Statsbudsjettet 2018, kap. 1429 post 79 verdsarv, Prosjekt Bryggen. Utbetaling av tilskot.

Vi viser til dykkar brev om tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 79, motteke 08.mars. Vidare viser vi til dykkar e-post av 13.mars kor de gir utsett svarfrist til 02.mai, og ber med dette om overføring av tildelt tilskot for 2018.

Samstundes ber vi om at førehandstilsegnet for 2018 blir utbetalt.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å fordele tilskota. Tilskota 2018 og førehandstilseg 2019 er fordelt, med unntak av det som gjeld forundersøkingar for istandsetting. Vedlagt er ein oversikt over søkarar, fordelte tilskot 2018, og korleis overførte, ubrukne midlar frå 2017 er fordelt. Vedlegget viser òg fordelinga av førehandstilsegnet for 2019, og har ein kort skildring av kva det er gitt tilskot til i 2018.

For 2018 står det no kr. 850.000 i udisponerte midlar, då det i tråd med Riksantikvaren sine vilkår i tildelingsbrevet ikkje kan fordelast tilskot til start av istandsettingsprosjekt før det er engasjert ein ekstern konsulent som kan følge med på istandsettingsarbeidet og komme med framlegg til korleis ein kan effektivisere istandsettinga utan at det går ut over den faglege kvaliteten. Vi viser her til vårt møte med dykk den 12. april om konsulentens mandat og om anbodsinnbydinga, og til vår e-post til dykk av 17. april, kor vi bad om nye kommentarar til teksten, og føreset at vi kan sende ut anbodsinnbydinga denne våren.

Alle sluttrapportar for ferdige istandsettingstiltak er lagt inn som dokument i Askeladden, og overordna TG for dei aktuelle tiltaka er oppdatert. For pågåande istandsettingstiltak blir overordna TG, samt TG for aktuelle bygningselement oppdatert underveis, det er sist oppdatert vinteren og våren 2018. Full tilstandsregistrering er vurdert som føremålstenleg først når istandsettingstiltaka er ferdige.

Kva gjeld eldre tilstandsregistreringar, er det ein bygning som vart tilstandsregistrert før 2010, og som vil få ein ny tilstandsregistrering i løpet av 2018. Vidare vil fylkeskommunen i inneverande år byrje med tilstandsregistrering for dei 21 bygningane som hadde siste tilstandsregistrering i 2010, denne tilstandsregistreringa legg vi opp til at vil vere ferdig våren 2019. To av våre tilsette (1,3 årsverk) har no tilstandsregistrering som ei hovudoppgåve og vil gjennomføre registreringane. Bygningar som er tilstandsregistrert i 2012 vil få ei ny tilstandsregistrering i 2020, og så vidare. Sjå lista som ligg ved brevet.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.